

Kunnskapsdepartementet (KD)  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Vår ref:  
20/00795-2

Saksbehandlar:  
Silje Steinardotter Hasle

Dato:  
20. november 2020

## Høyringsvar frå Barneombudet om forskriftsfesting av retningslinjer for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling

Barneombudet takkar for høvet til å gje innspel til tilskotsordninga. Vidare vil vi kommentere ordninga som gjeld kompetanseløftet spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Barneombudet meiner at det er heilt nødvendig med eit spesialpedagogisk kompetanseløft. Vi har tidlegare spela inn at det er nødvendig å stille klare krav til kva for kompetanse og system skule og PPT skal sitje att med som eit resultat av kompetanseløftet. I motsett fall fryktar vi at vi ikkje vil nå forventningane som er sette i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Retningslinjene til tilskotsordninga er etter vår meining eit av dei viktigaste verkøya for å sikre at skule og PPT får nødvendig kompetanse, og at ein når intensjonane i stortingsmeldinga. Vi er derfor glade for at departementet vil forskriftsfeste dei. For at dei skal bli eit nyttig verkøy, meiner vi at dette krev tydelege krav til måloppnåing, rapportering og evaluering. Vidare vil vi gje innspel til korleis dette kan gjerast. I denne samanhengen vil vi også prøve å svare på spørsmåla som departementet stiller.

### Overordna innspel

Barneombudet er einig i at det er viktig at kompetansebygginga baserer seg på lokale kartleggingar og lokalt definerte behov. Dette kan bidra til at skular og barnehagar blir tilførte så mykje relevant kompetanse som mogleg. Samtidig er det ein fare for at dette kan føre vidare og forsterke lokale skilnader. Det er nærliggjande å tru at kommunar med høg kompetanse og endringsvilje også er nærast til å sjå sitt eige forbetningspotensial. Motsett kan manglande innsikt gjere det vere vanskeleg å analysere og kartleggje kva for ein kompetanse ein manglar, eller vil trenge i framtida.

Barneombudet meiner dette til dels kan løysast med at det blir stilt klare krav til kva kompetanse ein forventar at tenestene skal ha som eit resultat av kompetanseløftet, og kva

som dermed må danne utgangspunktet for lokal behovskartlegging og evaluering. Vidare må det vere mogleg å vurdere om tiltaka har bidrege til at desse måla er nådde. Aktørane vil likevel ha stor lokal fridom fordi dei sjølve må definere sitt eige behov ut frå dette, og finne ut korleis dei ønskjer å utvikle kompetansen.

Klare mål og krav til rapportering vil etter vår meining også gjere det mogleg for dei nasjonale styresmaktene å få oversikt over kompetansen i norske kommunar og fylkeskommunar før og etter at tiltaka er gjennomførte. Dette meiner vi også er ein nødvendig føresetnad for at nedbygginga av Statped kan seiast å vere forsvarleg.

Til slutt vil vi peike på at vi meiner retningslinjene ikkje sikrar brukarmedverknad godt nok. Det følgjer av barnekonvensjonen artikkel 12 at barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Utviklinga av skulesystemet er ein slik sak. Barnekomiteen understrekar at utdanningsstyresmaktene må ta omsyn til synspunkta til ungane og foreldra deira når dei planlegg skuletilboda, og rådføre seg med ungar på lokalt nivå om alle aspekt ved utdanningspolitikken, mellom anna om undervisningsmetodar, skulestrukturar, standardar og budsjettering.<sup>1</sup> Barneombudet meiner at elevar og foreldre bør involverast både i kartlegging av kompetansebehov og i vurdering av måloppnåing. Der det er aktuelt, til dømes i samarbeidsforum, bør også brukarorganisasjonar eller brukarråd vere representerte. Utan slik deltaking risikerer ein å gå glipp av viktig kunnskap om kva som er dei svake og sterke sidene ved praksisen til skular og barnehagar.

### **Målgruppe – særleg om rolla til PPT**

Departementet spør om regelverket sikrar ei tydeleg og god ansvars- og rollefordeling mellom aktørane i ordningane.

Barneombudet meiner at rolla til PPT bør kome tydelegare fram i retningslinjene. Det gjeld både rolla deira som ei eiga og heilt sentral målgruppe for kompetanseløftet og som ein nødvendig samarbeidspartnar i arbeidet med å kartleggje og utvikle kompetansen i barnehage og skule.

Stortingsmeldinga understrekar at dette særleg skal vere eit kompetanseløft retta mot PPT.<sup>2</sup> I forslaget til retningslinjer punkt 1.2 kjem det fram at kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis også skal omfatte PP-tenesta og andre tverrfaglege tenester. Likevel er ikkje dette følgt opp vidare i retningslinjene. For det meste omtalar ein berre barnehage og skular og dei tilsette der. Barneombudet forstår at retningslinjene gjeld alle tre kompetanseordningane, og at departementet kan ha behov for å forenkle regelverket, men meiner likevel at det ikkje må utformast så generelt at rolla til PPT blir uklar.

---

<sup>1</sup> FN's barnekomites generelle kommentar nr. 12 (2012) avsnitt 105 til 114.

<sup>2</sup> Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, til dømes s. 74.

## Mål og kjenneteikn på måloppnåing

Departementet spør om krava til rapportering og evaluering sikrar eit godt grunnlag for evaluering av måloppnåing for ordningane. Ifølgje retningslinjene skal rapportering og evaluering vurderast ut frå krav om mål og måloppnåing.

Barneombodet meiner at forslaga til mål og kjenneteikn på måloppnåing ikkje i god nok grad vil sikre at det er mogleg å vurdere om kompetansetiltaka har vore vellykka.

Innleiingsvis vil vi understreke at det er positivt at retningslinjene legg vekt på at den kollektive kompetansen skal styrkjast. Barneombodet meiner det er svært viktig å sikre at kunnskapen blir teken i bruk på ein god måte på alle nivå i verksemda, og ikkje berre kjem til nytte for enkeltpersonar. Det er også positivt at det er sett opp eigne mål for kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som peikar på at ein skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å fange opp og leggje til rette for elevane.

Vi meiner likevel at kompetansen bør skildrast i større detalj og spegle av og konkretisere forventningane frå stortingsmeldinga. Det er nødvendig både å byggje opp kompetansen som blir fjerna frå Statped, og møte eit allereie udekt behov for kompetanse ute i skular og PP-tenester. I stortingsmeldinga framhevar regjeringa mellom anna at dei forventar at «PP-tjenesten har eller skaffer seg kompetanse på alle vanlige spesialpedagogiske fagområder», og at «[k]ommunene og fylkeskommunene må bygge opp kompetanse for å kunne legge til rette for barn og elever med behov som er vanlige og opptrer ofte». Her nemner ein til dømes «barn og elever med ADHD, lese- og skrivevansker, matematikkvansker og atferdsvansker».<sup>3</sup>

Etter vår meining bør det til dømes kome klart fram at målet med kompetansesatsinga mellom anna er at skule, barnehage og støttesystem skal ha kompetanse innanfor desse høgfrekvente vanskeområda. Samtidig vil vi peike på at det er stort behov for kompetanse innanfor spesialpedagogiske fagområde som per i dag ikkje blir rekna som høgfrekvente, men der ein ser ein sterkt aukande trend. Dette kan til dømes gjelde autismespekterforstyrningar.

Barneombodet er kjent med at det er stor variasjon innanfor og mellom kommunane i om dei har kompetanse innanfor verksame tiltak. Gjennom dette kompetanseløftet bør også PPT bli sikra nødvendig kompetanse i å gje tidleg hjelp med bruk av evidensbaserte intervensjonar.

Vidare meiner vi at måloppnåing må vurderast ut frå resultat. Målet for det spesialpedagogiske kompetanseløftet er ifølgje punkt 1.1 at skuleeigarar har «tilstrekkelig kompetanse tett på barna og elevane til å fange opp og gi et tilpasset pedagogisk tilbud». Under kjenneteikn til måloppnåing i punkt 2 ser det likevel ut til at barnehage- og skuleeigarar berre blir målte på at det er *gjennomført* tiltak, ettersom det står at «det er gjennomført helhetlige kompetansetiltak som omfatter laget rundt barnet og elevane». Det same gjeld for målet om kollektiv

---

<sup>3</sup> Ibid. s 95

kompetanse, der måloppnåing blir vurdert ut frå at «ansatte har deltatt på kompetanseutviklingstiltak som fremmer kollektiv utvikling».

Barneombodet meiner at tiltaka også bør vurderast ut frå resultatet av tiltaket, til dømes kva kompetanse dei tilsette har fått. Dette bør ein også sjå i samheng med kva behov som er kartlagde, slik at måloppnåing blir kjenneteikna ved at ein har lykkast i å auke kompetansen der ein har avdekt behov. Vi meiner at ein også bør vurdere andre indikatorar på at tiltaka har ført til endringar i praksis, og at kunnskap er innført på alle nivå i verksemda. Til dømes bør det gå fram av planverket til verksemda at kunnskapen også er innarbeidd på systemnivå. I den grad det er mogleg, bør ein vurdere om tiltaka har ført til opplevd endring i praksisen i skulen, også for elevane. Dette vil krevje at ein involverer barn og foreldre i evalueringa.

For å sikre best mogleg kvalitet i kompetansetiltaka spør vi også om retningslinjene bør framheve at det skal leggjast vekt på val av evidensbaserte tiltak ved planlegging og gjennomføring av tiltak.

Departementet spør om skildringane av mål, målgrupper og kriterium for tildeling av midlar i ordningane gjev rom for tilpassing til lokale kompetansebehov i og på tvers av ordningane. Barneombodet meiner at det er stort rom for lokal handlefridom også om måla blir formulerte meir konkret, slik vi føreslår. Det vil framleis vere opp til dei lokale styresmaktene å vurdere korleis sjølv kompetansebygginga skal skje, og kva behov dei enkelte verksemdene har.

### **Samarbeidsforumet**

Slik Barneombodet forstår retningslinjene, skal samarbeidsforuma inkludere representantar frå ei rekkje aktørar, medan representantar frå Statped og PPT skal *involverast* ved vurderinga av kompetansebehov i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Slik vi forstår det, er dei ikkje faste representantar. Barneombodet spør om dei bør få ei endå tydelegare rolle for å sikre at PPT både er med på å identifisere kompetansebehov og oppleve delansvar for gjennomføring og evaluering. Vi spør om PPT også bør ha ei rolle i dei andre tilskotsordningane, for å sikre betre samheng mellom spesialpedagogisk og ordinær praksis, og for å sjå dette arbeidet meir som ein heilskap.

Barneombodet ønskjer at det blir teke stilling til om Habiliteringstenesta for barn og unge (HABU) bør inkluderast i samarbeidsforuma. HABU har spesialisert fagkompetanse på til dømes utviklingshemming, autismspekterforstyringar og ulike syndrom, og dermed vil dei kunne gje nyttige bidrag til å identifisere noverande og komande behov for kompetanse ute i kommunane.

Barneombodet vil også understreke at elevar (inkludert elevråd), foreldre og andre brukarrepresentantar, til dømes frå organisasjonar for personar med nedsett funksjonsevne, bør spele ei sterkare rolle i samarbeidsforuma. Slik retningslinjene er formulert kan «andre aktørar» inviterast til å delta. Dette er lite forpliktande og lite konkret. Etter vår meining bør retningslinjene formulere eit tydelegare krav til brukarmedverknad.

## Evaluering

Barneombudet meiner at det er svært viktig å evaluere ordninga, både lokalt og nasjonalt. Vi er derfor glade for at retningslinjene slår fast at det skal gjennomførast nasjonale forskingsbaserte evalueringar av ordningane, og at dei lokale aktørane skal samarbeide om å vurdere dei lokale tiltaka. For sistnemnde kan det vere tenleg at også ein ekstern og uavhengig aktør får ei rolle. Som vi har framheva i dette høyringssvaret, meiner vi likevel at krava til måloppnåing bør gjerast tydelege for at det skal vere mogleg å evaluere arbeidet på ein tilfredsstillande måte. Igjen vil vi minne om at elevar, foreldre og andre brukargrupper bør involverast i dette arbeidet.

Venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Silje Steinardotter Hasle  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.